

Naturvernforbundet Nordhordland
Hoplandssjøen 74
5943 Austrheim

14. september 2018

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Innspel til kommuneplanen sin arealdel

I arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdel ønskjer Lindås kommune innspel m.a. om grøntstruktur.

Til dette temaet har Naturvernforbundet Nordhordland slike merknader:

Lonena

Planane om bustadbygging i dette mykje brukte friluftsliv- og rekreasjonsområdet bør skrinleggjast. I staden bør kommunen satsa på fortetting i allereie utbygde område i Knarvik. Slik vil ein også leggja betre til rette for gåbyen Knarvik, som vi oppfattar som eit hovudmål i planen, og slå eit slag for folkehelsa.

Det bør leggjast til rette for at lokale tomteselskap og utbyggjarar får moglegheit til å bygge ut rimelige og familievenlege bustader i områda rundt Knarvik sentrum, gjerne i gangavstand til den nye barneskolen. Det bør satsast på barnevenlege bustadområde, der tryggleik og trivsel for barn vert prioritert høgt..

Å stansa utbyggingsplanane i Lonena er viktig for å sikra vekst og utvikling i Knarvik sentrum og ved å ta vare på det mest brukte turområdet i Knarvik, fremja folkehelsa.

Fjonfjella og fjella rundt Dyrkolbotn

Norsk Vind har vore i møte med lokale grunneigarar og kommunane Lindås og Masfjorden om utbygging av vindkraft i nokre av dei mest verdfulle natur- og friluftsområda i Hordaland; Fjonfjella og fjella rundt Dyrkolbotn. Områda er tilrettelagt med turisthytter og merka stiar og er mykje nytta sommar som vinter. Hordaland fylkeskommune har verdsett områda til «sårbart høg fjell av stor verdi» og «regionale friluftsområde av stor verdi» (det siste saman med Fylkesmannen). Fjonfjella er dessutan verdsett til det største og mest verdfulle inngrepsfrie naturområdet i Hordaland nord for Hardangerfjorden.

Naturvernforbundet meiner fjellområda i Lindås må utviklast vidare for friluftsliv og rekreasjon, gjerne i samarbeid med reiselivsnæringa, og ikkje raserast av vindkraftindustrien. Inngrep med vindturbinar, kraftleidningar og anleggsveggar vil vera irreversible og føra til stor uoppretteleg skade på landskapet og opplevinga av det. I den grad det er mogleg, meiner Naturvernforbundet det må leggjast inn retningslinjer som skjermar fjellområda i Lindås mot vindkraftutbygging. I den samanhengen meiner vi dessutan at Lindås kommune må seia nei til analyseområde 18 i Nasjonal ramme for vindkraft, som no er ute på høyring.

Eiterdalen

Eiterdalen mellom Dyrkolbotn og Mofjorden høyrer til dei mest urørte dalføra i Lindås kommune. Dalen har stor landskaps- og kulturverdi og potensiale for meir friluftsliv. Førebels er det ingen kraftutbygging i dalføret. Som Fjonfjella, står derfor dalføret fram som unikt.

Naturvernforbundet meiner alle formar for kraftutbygging i Eiterdalen må seiast nei til. Samstundes bed vi Lindås kommune ta initiativet til ein eller annan form for vern av Eiterdalen og elva Eitro, anten gjennom landskapsvern eller vassdragsvern, eller begge delar.

Jan Nordø
leiar
Naturvernforbundet Nordhordland

